



R-sak 6-23

Strategiplan for Volda og Ørsta Reinholdsværk 2024-2027


Tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner *Strategiplan for Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS 2024-2027* saman med vedlagt handlingsplan for perioden.

Saksutgreiing


I tråd med vedtektene er det representantskapet som skal fastsette overordna mål og retningsliner for selskapet. Sist representantskapet hadde dette oppe som sak, var hausten 2022. Styret i VØR handsama framlegget til strategiplan i sak 24/23 i september-møtet. Planen vart samrøystes vedteken i tråd med tilrådinga.

Administrasjonen har utarbeidd eit forslag til ny strategiplan for 2024-2027. Vi har det siste halve året hatt ein strategiprosess der vi har involvert heile organisasjonen. Vi har arbeidd ut i frå momenta:



Det har vore viktig for oss å involvere alle i selskapet i denne prosessen, i større og mindre grad. Strategiplanen er eit resultat av eit grundig arbeid. Det har vore fleire strategisamlingar, møter og enkeltsamtalar. I tillegg har vi oppdatert oss på gjeldande regelverk og regelverk som kjem.

Prosesen har vore slik:



Strategiplanen er så godt det let seg gjere innarbeida i budsjettet for 2024, og vi legg opp til ei årleg rullering av planen framover.

Handlingsdelen er omfangsrik og med mange viktige tiltak. For å sikre den praktiske oppfølginga av handlingsdelen, er det planlagt å konkretisere og prioritere dette i ein tidsplan – i første omgang for 2024.

Det vert lagt opp til at Strategiplanen vert gjennomgått og presentert for representantskapet før handsaminga av saka.

Vedlegg:

- Strategiplan 2024-2027